



**Vi er inne i eit nytt år, men sundagsdansen i Helgheim vert den same som før. Klokka 19.30 på sundag ynskjer Ivar Kåre og Berit Harriet Døssland igjen vel møtt til ein svingom og dei er innstilt på å halda det gåande til lauvet sprett. Då rundar dei kanskje av med ein dansekveld med levande musikk!**

Dei som plar komma i Helgheim er stort sett ihuga og flinke gamaldansarar, sjølv om snittalderen på dei dansande gjerne kunne ha vore noko lågare.

Kjem det fleire yngre denne gongen, er det ikkje tvil om at også dei vil få ein triveleg kveld. Den byr ikkje berre på dans, men også på det som kallast eit sosialt lag!

Og medan vi er igang: Vert dansekveldane døypt snart? Er Helgesvingen eit brukbart namn?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen